



Kystverket Vest  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/2127 - 16/15091

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
09.03.2017

## Innhenting av uttale vedrørende søknad om mellombels oppankring av fartøy/ rigg ved Vidholmane - Mangersøy – Radøy kommune – Hordaland fylke - uttale frå Radøy kommune

Radøy kommune viser til dykkar brev av 23.11.16 med anmoding om uttale i høve oppankring av to riggar i sjøområde utanfor gnr 45/10 i Radøy kommune. Kommunen ber om orsaking for lang sakshandsamingstid. Kommunen har ikkje motteke melding om vedtak frå Kystverket og legg difor til grunn at ein uttale i saka framleis har relevans.

Radøy kommune har drøfta saka i møte med Radøygruppen AS den 17.11.16. Radøygruppen AS har opplyst at riggane er registrert som fartøy i skipsregisteret.



Kartutsnitt som viser plassering av riggane (gult)


## Planstatus

Riggane er tenkt plassert i uregulert område som etter Kommunedelplan for Manger 2007-2019, planid. 12602007000700, har arealføremål Naturvernområde i sjø.

Det er nyleg vedteke reguleringsplan for Mangerøy industriområde - Kjebogen, planid.1260201500200. Tiltaket er plassert utanfor denne reguleringsplanen.

Utanfor Kommunedelplan for Manger har sjøområdet arealføremål fleirbruksområde for Bruk og vern av sjø og vassdrag etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23, samt eit akvakulturområde sør for Toska og eit trålefelt.

Radøy kommune sine arealplanar er tilgjengelig i kommunen sitt planregister på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no).




*Utsnitt frå Kommunedelplan for Manger, med omriss for reguleringsplan for Mangerøy industriområde – Kjebogen (blått felt).*

## Akvakultur

Kommunen gjør merksam på at søknad om utviding og endra lokalitet for Lingalaks sitt anlegg for oppdrett av matfiske av laks og aure på Toska sør (lokalitet 14018) for tida er under handsaming.

Radøygruppen AS har i e-post til kommunen av 30.01.17 opplyst at eventuell endra lokalitet på oppdrettsanlegget vil kome i konflikt med riggplassering og Radøygruppen sin verksemd i Kjebogen. Merknaden følgjer vedlagt.



Kartutsnitt som viser endra plassering av lokalitet 14018

### Ferdsele, friluftsliv og fiske

Radøy kommune gjer merksam på at det innafor reguleringsplan for Mangerøy industriområde – Kjebogen er planlagt for industrikai. Tilkomst til industrikaien må takast i vare ved plassering av riggane.

Mangersholmen båthamn, samt Trettholmen som statleg sikra friluftsområde ligg nord for riggområdet og genererer fritidsbåttrafikk. Det er også registrerte fiskeplassar og gyteområde for torsk i området.

### Tilhøve til plan- og bygningslova

Eit fartøy vert omfatta av plan- og bygningslova om det fell inn under tiltaksomgrepet i plan- og bygningslova § 1-6.

Med grunnlag i Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) er det i praksis lagt til grunn at fartøy som er registrert i skipsregisteret og er oppankra for ein kortare periode ikkje vert omfatta av tiltaksomgrepet i plan- og bygningslova § 1-6.

I framlegg til endring av i byggesaksforskrifta har departementet uttalt at det er ynskjeleg å klargjøre kva fartøy som er omfatta av plan- og bygningslova, jf. Høyringsnotat til endring i byggesaksforskrifta side 3.

### *De fleste fartøy omfattes ikke av byggesaksdelen*

*Et fartøy omfattes av byggesaksdelen dersom det faller innunder tiltaksbegrepet i pbl. § 20-1. Pbl. § 20-1 første ledd bokstav a lyder: "...plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg". I Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) fremkommer det at "husbåter" og "fortøyde fartøy som brukes til overnatting/restaurant" skal regnes som et tiltak etter pbl. § 20-1. Med utgangspunkt i*

*forarbeidene har departementet lagt til grunn at et fartøy som ikke benyttes til overnatting, for eksempel der et fartøy ligger i opplag, oppankres for nødvendig vedlikehold eller opphugging, ikke omfattes av byggesaksdelen.*

*Hvilke fartøy som omfattes av byggesaksdelen av plan- og bygningsloven, gir rom for tolkningstvil. Departementet ønsker derfor å klargjøre i forskrift hvilke fartøy som er omfattet av byggesaksdelen. Departementet foreslår også at flyttbare innretninger til boligformål som har tilknytning til offshorevirksomhet, såkalte floteller unntas fra byggesaksdelen. Det understrekkes at dette unntaket utelukkende knytter seg til flyttbare innretninger som har tilknytning til offshorevirksomhet, jf. skipssikkerhetsloven § 2. (...)*

*Flytende innretninger i tilknytning til offshorevirksomhet som brukes til boligformål (floteller) og som av ulike årsaker plasseres innenfor plan- og bygningslovens virkeområde, omfattes i utgangspunktet av byggesaksdelen. Midlertidige plassering av slike tiltak inntil 2 måneder er unntatt søknadsplikt i dag. Særlig fordi slike innretninger omfattes av skipssikkerhetsloven, foreslår departementet at slike innretninger ikke skal omfattes av byggesaksdelen.*

*Ulempen med forslaget er at f.eks. pbl. §§ 29-2 og 29-4 og de byggtekniske krav ikke får anvendelse for de fartøy eller innretninger som ikke omfattes av byggesaksdelen. Departementet mener at dette ikke har nevneverdig betydning da hensynene bak bestemmelsene uansett ikke "passer" så godt på fartøy. Når det gjelder plassering, viser vi til at dette, i alle fall til i stor grad, ivaretas av at havne- og farvannsloven har regler om hvilken plassering som er tillatt, se lovens §§ 24 og 42. Kommunene kan også i plan sette forbud mot oppankring. Departementet presiserer viktigheten av at kommunene vurderer om planen skal forby også oppankring av midlertidige tiltak. Dette må i så fall fremkomme eksplisitt av planen. De tekniske krav passer ikke særlig godt på fartøy. Vi legger også til grunn at relevante tekniske krav er tilstrekkelig ivaretatt i skipssikkerhetsloven med tilhørende regelverk.*

*Ny § 1-5 skal lyde:*

*Byggesaksdelen gjelder ikke for fartøy som benyttes til alminnelig fritidsbruk, i alminnelig skipsfart eller som er å anse som en flytende flyttbar offshoreenhet.*

## **Tilhøve til hamne- og farvasslova**

Kommunen har orientert søkjer om at oppankring av fartøy over lengre tid vil vere søknadspliktig etter hamne- og farvasslova.


## **Vurdering**

Området der riggane er tenkt plassert har arealføremål Naturvernområde i sjø etter Kommunedelplan for Manger. Arealføremåle er eit føremål kor det i særleg grad skal takast omsyn til natur og naturmangfold.

Oppankring av riggar over lengre tid vil vere bruk i strid med arealføremål. Oppankring av eit fartøy for ein kort periode er ikkje eit søknadspliktig tiltak og er etter Radøy kommune sin vurdering heller ikkje bunden av arealføremål i plan.

I og med at området har særleg vern for natur gjer kommunen merksam på ansvaret som følgjer av naturmangfaldslova §§ 8-12.

Det er elles mange interesser i området i form av ferdslle, akvakultur, fiskeri og friluftsliv som må takast i vare i naturområde i sjø etter Kommunedelplan for Manger og fleirbruksområde i sjø etter Kommuneplan for Radøy kommune.



Kartutsnitt som viser plassering av riggane (gult), samt arealplan og alle interesser i området (akvakultur, gytefelt for torsk, trålefelt, hovud- og biled).

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Lingalaks AS - Utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av I (116022)  
Høringsuttalelse vedrørende oppdrettsanlegg (116602)

**Mottakarar:**

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND